

A photograph of a man and a woman smiling at the camera. They are standing in front of a large, green, rocky mountain slope with a waterfall cascading down it. The woman has blonde hair and is wearing a denim jacket over a white top. The man is wearing glasses and a bright green t-shirt with the Venstre logo. The background is a lush, green forest.

Program for

Luster Venstre

for perioden 2011-2015



venstre

[http://www.venstre.no/
sognogfjordane/luster](http://www.venstre.no/sognogfjordane/luster)

Folk først

Me må ha fridom for å ta ansvar. Liberal politikk betyr å arbeida for mangfald i samfunnet. Mellom menneske skal det vera toleranse og respekt. Omsynet til den enkelte og framtida bestemmer våre prioriteringar; folk først.

Miljø

Naturgrunnlaget skal sikra økologisk og biologisk balanse. Dette får me til gjennom god forvaltning av naturen. Sikker og trygg mat blir viktigare med framtidige klimaendringar, og dette krev betre jordvern.

Luster Venstre vil:

- kartlegga råstoffgrunnlaget lokalt for biobrenselanlegg og satsa på fjordvarme og biobrensel som alternativ energi
- seja nei til utbygging av vestsideelvane i Jostedalen og Vigdøla
- at utbygging av småkraftprosjekta må sjåast i samanheng med fordelar og ulemper for natur og samfunn
- seja nei til subsidiering av elektrisk straum
- redusera konflikten beitedyr-rovdyr ved å leggja til rette for meir systematisk tilsyn og gjeting

Landbruk og næring

Framtida sine arbeidsplassar er endå ikkje skapte, og Venstre vil ha ein politikk som støttar nyskaparar. Venstre vil sleppa fram dei som torer å satsa, og som torer å tru på ein idé. Landbruket er framleis ei viktig næring i kommunen.



Luster Venstre vil:

- oppretthalda buplikt, men arbeida for betre vilkår for eigarskifte gjennom endra lovverk, høgare prisnivå, frådeling av større tomter
- ha areal- og næringsplanlegging for heile kommunen med byggeklare næringstomtar i Gaupne og på Hafslø
- auka satsing på nisjeproduksjon i landbruket, mellom anna gardsturisme
- støtta etablering av småskalaverksemder, nyetableringar, og produksjon av service-tjenester
- ha rask og effektiv erstatning ved tap av beitedyr
- at ungdom involverer seg i arbeid og aktivitetstilbod
- fortelja om kvalitetane i kommunen for å auka trivsel og tilflytting

Framtida tilhøyrer dei unge

Kultur

I eit sosialliberal samfunn skal kulturen avspegle breidde og mangfald. Kulturminna er ein arv som me pliktar å ta vare på for komande slekter. Frivillige organisasjonar er viktig for kulturtildob og trivsel.

Luster Venstre vil:

- sikra stadhamn, eldre foto, film, folkeminne og lokale tradisjonar
- gje kulturskuletilbod nær der elevar bur
- at organisasjonar også i framtida skal få bruka offentlege lokale gratis
- prioritera tilskot til private forsamlingshus på stader utan offentlege tilbod
- at lokale bibliotek bør styrkjast med tanke på dei unge og ha fleksible opningstider
- ha regionalt motorsportanlegg
- prioritera meir midlar til nærmiljøtiltak og møteplassar for alle, men særleg for ungdom
- utvikla Sogn skisenter for vinteridrett og Luster idrettspark i Gaupne for sommaridrett
- ha oversiktlege og pålitelege tilskotsordningar for frivillig arbeid og stimulera til kulturell satsing og utvikling
- sikra transporttilbod for unge



Luster Venstre vil:

- at barnehage og skulen bør ha ei felles plattform samstundes som den enkelte barnehage og skule ivaretak sitt sær preg
- ha tettare oppfølging av elevane dei første skuleåra
- at alle skulane skal vera oppteken av entreprenørskap
- at leksehjelp bør styrast av pedagog
- at skulefritidsordninga skal vera aktivitetsorientert og ha pedagogisk opplegg
- prioritera kompetanseutvikling av dei tilsette
- at skulane samarbeidar tettare slik at elevane vert kjende med kvarandre
- sikra god standard på bygningar og uteområde
- ha skulestrukturen som i dag
- sikra Luster vidaregåande skule

Barnehage og skule

Venstre vil ha ein sterk offentleg barnehage og skule med SFO. Alle skal ha få nyitta si evne og skaparkraft. Respekten for læraren og fagkunnskapen må gjenreisast.

Folk treng trivsel

Samferdsle

Gode kommunikasjonar er viktig for busetjinga i heile kommunen

Luster Venstre vil:

- rassikra vegn til Veitastrond
- ha tofeltsveg (gul stripe) gjennom heile kommunen og tunnel mellom Luster og Lom
- utbeta fylkesvegen Skjolden - Ornes, grunna turistbussar og auka trafikk
- prioritera midlar til trafikktryggleik og ryding av skog og kratt langs vegane for betre sikt og tryggleik
- følgja opp breibandutbygging i kommunen
- styrka rutetilbodet ved Sogndal lufthamn

Helse og omsorg

Det er ikkje naudsynt å gje meir til alle, men å dela slik at alle har nok. Luster Venstre vil prioritera dei som treng det mest. Folkehelsearbeidet skal omfatta både den offentlege innsatsen og eit breidt folkeleg engasjement, for betre livstil og helse.

Luster Venstre vil:

- prioritera auka ressursar i open omsorg og ordningar for avlastingar, førebygging og rehabilitering
- ha velfungerande lokalmedisinsk senter i Gaupne for å få sikra kompetansen og gode helsetenester i kommunen
- ha distriktmedisinsk senter i Lærdal og knyta senteret til kompetansen ved Lærdal sjukhus
- samarbeida med frivillige organisasjonar om folkehelsetiltak



Arbeid

Alle menneske er ein ressurs for fellesskapen.

Luster Venstre vil:

- legga til rette for arbeidsplassar til personar som har vanskar med å meistra vanleg arbeid
- redusera uønskte deltidsstillingar i kommunen
- gje eldre høve til opplæring i bruk av nye teknologiske hjelpemiddel
- at eldre skal kunna overføra erfaring og kunnskap til yngre generasjonar

Lokalpolitikk er alle sitt ansvar

Folkeleg engasjement

Samanslåing av Luster med ein eller fleire kommunar er ikkje aktuelt. Nærleik til offentlege tenester og kommunesenter gjer at folk kjenner seg heime i eigen kommune. Levande lokalsamfunn må ha folk som engasjerar seg og slår ring rundt viktige demokratiske prosesser.

Luster Venstre vil:

- utvikla Gaupne som eit kommunesenter med funksjonar som tenar heile kommunen
- ha betre demokratisk styring med folke-møter og politiske møteplassar
- utvikla Sogn Regionråd si rolle
- ha større påverknad med samarbeidsorgan som Luster kommune er med i
- ha interkommunalt samarbeid for tenester som gjev betre kvalitet for innbyggjarane
- slå ring om statleg tenestetilbod i kommunen
- stimulera tiltak for større engasjement blant kvinner og ungdom
- gje ungdom meir ansvar og mynde gjennom Ungdommen sitt kommunestyre
- at Radio Luster får betre høve til å formidla saker med allmenn interesse
- følgja opp ombodsrolla for folk overfor det offentlege



Politisk rekneskap

Folkevalde i Venstre har kontakt med sine medlemar før alle møte i formannskap og kommunestyre.

Venstre meiner det er viktig at veljarane kjem med innspel til folkevalde.

Våre folkevalde har kontakt med dei som kjenner sakene godt og er elles lydhøyr for folk sine meiningar.

Til kvart årsmøte legg kommunestyregruppa fram politisk rekneskap for sitt arbeid med vekt på saker ein spesielt har jobba for.

Ønskjer du å vera medspelar eller vita meir om vårt politiske rekneskap, kan du klikka deg inn på vår heimeside www.venstre.no eller ta kontakt med dei folkevalde direkte.

Våre toppkandidatar

1. Jon Ove Lomheim

er fødd i 1953 og busett på Hafslo. Han er silvilingeniør og leiar av ingenørverksemd med kontor i Årdal, Sogndal og Førde.

Jon Ove har hatt fleire verv i selskap og frivillige organisasjonar, og vore aktiv i idrett.

Han har vore medlem av kommunestyret i 20 år, og leiar for følgjande politiske utval: Undervisning og kultur (1995-99), Rådet for funksjonshemma (1999-2003) og Forvaltningsstyret (2003-2007).

Jon Ove engasjerer seg i saker for ungdom, kultur, samferdsel og infrastruktur.



2. Ellen Havellen

er fødd i 1960 og busett i Solvorn. Ho er utdanna agronom og adjunkt, med tileggsutdanning i spesialpedagogikk, entreprenørskap og skuleleiring.

Ellen er bonde og rektor ved Skjolden skule.

Ho har vore og er framleis aktiv i frivillig arbeid.

Ellen er styremedlem i Luster Venstre og vil gjerne bli medlem av kommunestyret i neste periode.

Ellen er mest engasjert i saker som gjeld landbruk, kultur og oppvekst.

for "landbruk og miljø" og "teknisk".

Ho har styreverv i ymse selskap og organisasjonar.

Astrid er mest oppteken av saker som gjeld næring, samferdsel, natur og miljø, og støtte til krisenteret i Sogn og fjordane.

4. Steinar Bruheim

er fødd i 1955 og busett i Jostedalen.

Han var varamedlem av kommunestyret 2003-2009 og deretter fast kommunestyremedlem.

Steinar er dagleg leiar i aktivitetsverksemda Jostedalen Breførarlag.

Politisk engasjerer Steinar seg i saker som gjeld næring, natur og miljø. Han er også medlem i Luster kommune si Fairtrade- gruppe.

3. Astrid Eitrheim Lerum

er fødd i 1952 og busett på Sørheim.

Ho har arbeid mest i trygdeatenen og kommune (bibliotek, skule), men er no næringsdrivande i landbruk og turisme.

Astrid var kommunestyremedlem i perioden 1995 – 1999 og har vore medlem i hovudutvala

Stem Venstre

Venstre

har over lang tid vist evne til å samarbeida med andre parti i saker. Me har dessutan vist evne til å køyre andre saker der me meiner andre parti sviktar. Eit eksempel på saker er kraftutbygging ved Engjadalselvi. Formannskapet gjorde eit samråystes JA-vedtak utan å spørja kommunestyret, Venstre fekk medhald om sakshandsaming i kommunestyre, lokalt engasjement og saka betre opplyst. Me fekk ikkje fleirtal i kommunestyret, men følgde opp saka mot NVE som i sitt avslag la avgjerande vekt på Venstre si grunngjeving.

Venstre er oppteken av å forvalta vår økonomi og våre ressursar nøkternt slik at vår ungdom og seinare slekter også kan vidareføra vår gode livskvalitet. Me seier difor ikkje JA til alt, og stiller krav til dei som vil bruka og hausta våre varige ressursar.

Venstre seier NEI til utbygging av vestside-elvane i Jostedalen og Vigdøla. Andre kraftutbyggingar i Luster er framleis aktuelle når desse gjev større varige positive verdiar for lokalmiljøet enn ulempe.

Venstre har i kommunestyret kjempa hardt i mot nedskjeringar av midlar til det viktige arbeidet frivillige organisasjonar, gjer for trivsel og livskvaliteten i kommunen.

Også i neste periode vil me prioritera meir midlar til kulturminnevernet og andre kulturtiltak, nærmijøanlegg, fusjon for drift av anlegg som dei frivillige må drifta for å skapa aktivitet.



Vil du vera med å hjelpa Venstre til gjennomslag i sakene me brenn for, så

STEMMER DU VENSTRE

I mange saker så er det brei politisk semje og Venstre har særleg merksemد på å finna løysingar for den enkelte innbyggjar, framfor eit byråkratisk A4-system.

Med nøktern bruk av offentlege midlar vil Venstre vera med å kvalitetsikra eit godt tenestetilbod i kommunen.

Med ei stemme til Venstre kan me i framtida sjå våre etterkommarar i augo og seia at me har teke ansvar også for dei.

STEM VENSTRE !

Våre kandidater



1. **Jon Ove Lomheim**

(1953)
sivilingeniør og leiar,
Hafslo

2. **Ellen Havellen**

(1960)
rektor,
Solvorn



3. **Astrid Eitheim Lerum**

(1952)
næringsdrivande,
Sørheim



4. **Steinar Bruheim**

(1955)
dagleg leiar,
Jostedal



5. **Gudny Alme** (1950), Luster.

6. **Helge Alme** (1966), Hafslo.

7. **Vidar Aasen** (1979), Jostedal.

8. **Inga Reidun Sjøthun** (1973), Luster.

9. **Tordis Skjerdal Raudboti** (1954), Solvorn.

10. **Ellen Borch Veum** (1960), Gaupne.

11. **Magnus Ølnes** (1984), Gaupne.

12. **Britt Elin Fossøy** (1975), Jostedal.

13. **Eirik Kvalen** (1954), Gaupne.

14. **Torill Yttri Otterhjell** (1954), Fortun.

15. **Øyvind Kvalen** (1955), Ornes.

16. **Kari Beheim Karlsen** (1954), Hafslo.

17. **Olav Krokgilja Stølen** (1931), Jostedal.

18. **Kari Ida Lavoll** (1953), Luster.

19. **Erling Bjørnetun** (1955), Gaupne.

20. **Sandhya Karlsen Holene** (1984), Hafslo.

21. **Harald Hess** (1953), Hafslo.

22. **Jeanette Aaland Brun** (1985), Jostedal.

23. **Geirr Vetti** (1961), Skjolden.

24. **Elen Øygard** (1938), Mollandsmarki.

